



ÅRSMØTE 2016

Rosendal Samfunnshus
torsdag 30. mars kl 18.00



© Bjarne Øymyr





DAGSORDEN for årsmøtet

1. Godkjenna dei som har stemmerett
2. Godkjenna innkalling, sakliste og møtereclar
3. Velja dirigent, skriavar og 2 representantar til å skrive under protokollen
4. Behandla Rosendal Turnlag si årsmelding, med gruppemeldingar *Sjå vedlagt Årsmelding 2016*
5. Behandla Idrettslaget sin rekneskap i revidert stand *Vedlegg 2 (2·1 resultat m/grupper, 2·2 balanse, 2·3 revisjonsrapport)*
6. Behandla innkomne forslag og saker
 - 6.1 Endring av fordelingsnøkkel *Vedlegg 3·1*
 - 6.2 Tilsetjing av Administrativ sportsleg koordinator i 50 % stilling *Vedlegg 3·2*
 - 6.3 Arbeidet med hall, med meir *Vedlegg 3·3*
7. Fastsetja medlemskontingenten
8. Vedta laget sitt budsjett *Vedlegg 4*
9. Behandla Idrettslaget sin organisasjonsplan
10. Forslag frå valnemnda *(blir framlagt på årsmøtet)*



sak 4. Behandla laget si Årsmelding

Hovudlagsårsmelding med eigne gruppeårsmeldingar vert utlagt på laget si web-side; www.rosendal-turnlag.no samt utdelt på årsmøtet.

Sjå vedlagt Årsmelding 2016 (= vedlegg 1)



sak 5. Godkjenna rekneskapen

Behandla Idrettslaget sin 2016 rekneskap i revidert stand

Sjå vedlegg - eige vedleggshefte

2: Rekneskap hovudlaget

2.1: Resultatrekneskap m/gruppene

2.2: Balanse

2.3: Revisjonsrapport



sak 6. Behandla innkomne saker og forslag

- 6.1 Endring av fordelingsnøkkel

Vedlegg 3.1 Sjå eige vedleggshefte

Noverande	Innstilling
<p><u>Forslag til årsmøtet i Rosendal Turnlag 2017</u></p> <p>Fotballgruppa vil foreslå at fordelingsnøkkelen for inntektene til Rosendal Turnlag vert endra.</p> <p>Slik aktiviteten i Rosendal Turnlag er no er aktiviteten i fotballgruppa grunnlaget for ein stor del av medlemskontingenten, som også legg grunnlaget for storleiken på LAM midlane vi vert tildelt. Vidare er det fotballgruppa sin økonomi som gjer grunnlag for mesteparten av momskompensasjonen.</p> <p>Vi merkar oss at i eit år der vi ikkje har hatt ei aktiv turngruppe, er det også fordelt midlar til denne gruppa. Det undrar oss. Det må vera slik at når gruppene aukar aktiviteten kan denne fordelinga endra seg.</p> <p><u>Vårt forslag er difor at fotballgruppa får auka sin andel til 3/5.</u></p> <p><i>For styret i fotballgruppa Willy Kalsås</i></p>	<ul style="list-style-type: none">● Hovudstyret har forståing for forslaget til fotball-gruppa, men innstiller for årsmøtet å behalda noverande fordelingsnøkkel med 2/5 til hovudlaget, 2/5 til fotballgruppa, og 1/5 til dei øvrige gruppene.● Bakgrunnen for at hovudstyret innstiller slik, er at årsmøtet i Rosendal Turnlag no må ta stilling til om vi skal tilsetja Administrativ sportsleg koordinator i ein 50 % stilling – som er heilt nødvendig for å drifta laget profesjonelt framover. <p>Eit slikt tiltak vil medføra ein betydeleg kostnad, og det er viktig at hovudlaget og grupper har sunn økonomi (sjå neste sak).</p>



sak 6. Behandla innkomne saker og forslag

- 6.2 Tilsetjing av Administrativ sportsleg koordinator i 50 % stilling

Vedlegg 3.2 Sjå eige vedleggshefte

Forslag / ynskje	Innstilling
<p>Idrettslaget har fram til i dag vore drive på dugnad utan fast tilsette. Aktiviteten i laget aukar, og mange utviklingsprosjekt er under planlegging. For å ta vare på, og utvikla og drifta laget på ein god måte, ser styret det no som heilt nødvendig å få inn friske, profesjonelle krefter.</p> <p>Styret vurderer difor å tilsetja ein administrativ sportsleg koordinator i 50 % stilling (løn inntil kr 350 000.- inklusiv sosiale utgifter). Auke i stilling vil verta vurdert når økonomien tillet det.</p> <p>Stillinga er innarbeidd i 2017-budsjettet, og er der tenkt finansiert ved auka sponsor og tilskotsmidlar, og eigenkapital (avsette kompetansehevingsmidlar frå dugnaden i Ullvarefabrikken).</p>	<ul style="list-style-type: none">● Hovudstyret ber om årsmøtet si godkjenning til å kunna tilsetja Administrativ sportsleg koordinator i 50 % stilling. <p>Forslag til utlysingstekst & arbeidsinstruks lagt ved som vedlegg 3.2.</p>



sak 6. Behandla innkomne saker og forslag

- 6.3 *Arbeidet med hall, med meir*

Vedlegg 3.3 Sjå eige vedleggshefte

Noverande	Innstilling
<p>På årsmøtet 17. mars 2015 blei det uttrykt ynskje om at det ved neste årsmøte, måtte leggjast fram plan og ei skisse til informasjon om ny idrettshall, m.m.</p> <p>Fyrst av alt, ny hall er viktig for bygda, idrettslaget og samarbeidspartnarar. Dette er då også nedfelt i den vedtekne Kommuneplanen for idrett, fysisk aktivitet for 2016 – 2022.</p> <p>Signal frå det politiske miljøet, slår imidlertid fast at det er urealistisk å venta kommunal politisk/økonomisk støtte til hall i Rosendal - før idrettshallen på Husnes er realisert.</p> <p>Dette gjer at vi har litt tid på oss, men dette betyr ikkje at vi ikkje skal arbeida med å verkeleggjera hall i Rosendal så tidleg som råd er.</p> <p>Hovudstyret meiner at vi må tenkja vidt, og planleggja «for heile bygda» når det gjeld framtidig hall & idrettsplan. Vi må byggja for framtida og tenkja langsiktig og forretningsmessig.</p>	<ul style="list-style-type: none">● Hovudstyret ber om årsmøtet si godkjenning til å arbeida fram ein grundig hall & idrettsplan i løpet av dei næraste to åra.



sak 7. Fastsetja medlemskontingent

Noverande	Innstilling										
<p>§ 3 Medlemer (3) Medlemskap i Rosendal Turnlag er først gyldig og vert rekna frå den dag første kontingent er betalt.</p> <p>§ 4 Medlemskontingent og avgifter Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet. Andre avgifter/ eigendelar kan krevjast for deltaking i Rosendal Turnlag sine aktivitetstilbod.</p> <p>Alle som er med på aktiviteter i Rosendal TL skal betale medlemskontingent for det driftsåret dei er med. Medlems- eller årskontingenten er ei viktig inntektskjelde for laget og er avgjerande for å kunna tilby dei ulike aktivitetane til medlemane. Når medlemskontingenten er betalt, kan du fritt delta på alle aktivitetane i laget (dvs. inga treningsavgift kjem i tillegg).</p> <p>Gjeldande kontingent er;</p> <table data-bbox="152 1077 728 1257"><tr><td>Lagleiar/trenar/styremedlem</td><td>- kr 50.-</td></tr><tr><td>Støttemedlem</td><td>- kr 250.-</td></tr><tr><td>Barn u/8år</td><td>- kr 350.-</td></tr><tr><td>Barn u/17år</td><td>- kr 550.-</td></tr><tr><td>Alle o/17 år</td><td>- kr 950.-</td></tr></table>	Lagleiar/trenar/styremedlem	- kr 50.-	Støttemedlem	- kr 250.-	Barn u/8år	- kr 350.-	Barn u/17år	- kr 550.-	Alle o/17 år	- kr 950.-	<ul style="list-style-type: none">● Hovudstyret har samanlikna medlemskontingenten vår med medlems/treningsavgifta i våre naboklubbar, og samanlikna med IL Trio, så kunne vi nok auka medlemsinntektene monaleg ved å heva medlemskontingenten. <p>Samanliknar vi oss derimot med Omvikdalen IL og Uskedal IL, så ligg kontingenten deira betydeleg under vår.</p> <p>Med dette som bakgrunn, og med dei siste åras betydeleg nedgang i medlemsmassen – så føreslår styret ingen endring i satsane for medlemskontingent i 2017!</p>
Lagleiar/trenar/styremedlem	- kr 50.-										
Støttemedlem	- kr 250.-										
Barn u/8år	- kr 350.-										
Barn u/17år	- kr 550.-										
Alle o/17 år	- kr 950.-										



sak 8. Vedta laget sitt budsjett

Budsjettforslag	Innstilling
<p>Styret sitt budsjettforslag for 2017, byggjer på rekneskapet frå 2016 + eksisterande / tidlegare vedtekne fordelingsnøklar (2/5 hovudlag, 2/5 fotball, og 1/5 til fordeling i dei øvrige gruppene.</p> <p>Styret meiner at det føreslegne budsjettet, gjev heile Rosendal Turnlag eit godt drifts & utviklingsgrunnlag i 2017.</p>	<ul style="list-style-type: none">● Hovudstyret innstiller for årsmøtet om å vedta det framlagde budsjettforslaget for 2017.

Sjå eige vedleggshefte

4: Budsjett 2017



sak 9. Behandla idrettslaget sin organisasjons & strategiplan

Noverande	Innstilling
<p>Organisasjon</p> <ul style="list-style-type: none">• Årsmøtet – lagets øverste organ.• Styret (samansett i samsvar med lagets vedtekter).<ul style="list-style-type: none">- set - ved behov - ned arbeidsgrupper, komitear og utval.• Gruppene <p>• Arbeidsutval (AU) – (samansett av styre & gruppeleiarar)</p> <p>• Valnemnd</p> <p>Strategi</p> <p>Rosendal Turnlag skal utvikla ein brei aktivitet, med fokus på god helse, allsidigheit, samhald og glede. Vi skal utvikla sunne og gode haldningar for dei som ynskjer å satse på idrett.</p> <p>Kjerneområda til laget er; aktivitet, rekruttering, idrettsskule, anlegg, økonomi, kommunikasjon og kompetanse – i samsvar med vedteken Strategiplan 2014 – 2018, og som vedteke på årsmøtet i 2013.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Utover å be om årsmøtet sin godkjenning til å kunna tilsetja Administrativ sportsleg koordinator i ein 50 % stilling, føreslår styret ingen endring av laget sin organisasjonsplan for 2017.• Hovudstyret føreslår ingen endring av lagets vedtekne Strategiplan, utover dei endringar som vart vedteken i årsmøtet for 2013.



sak 10. Val

Valnemda har ordet

Aktiv idrett i 116 år
1901 – 2017